

## Kongeørn og sau i Finnmark og Norge generelt

Eg ser at 2 «kjenningar» tek ein debatt om kongeørn i Bondebladet. Både er dyktige på sitt felt, den eine vil støtta sau og lam som matproduksjon basert på utmarksbeitebruk ved å forvalta og ta ut skadevoldarar av ørn, mens den andre vil verna om og forsvare ørna med nebb og klør.

Alv Ottar Folkestad frå NOF kan berre ta det med ro, for kongeørna har mangedobbel fredingsstatus. Det har i dette hundreåret vore gjeve mindre enn ei handfull fellingsløyver på kongeørn i Norge, og for å gjera ei gjetting så har vel ingen vorte felt. Grunnene til dette er at ein må finna mellom 15 og 20 dokumenterte skadar til kongeørn for å få felling, jmf. praksis frå FM i ulike fylker. Det vil i praksis si at ein ved vanleg, tradisjonelt tilsyn kan ha mista over 200 lam før ein får fellingsløyve. I sjølve fellingsforsøket må ein ha fagfolk med til å peika ut skadevoldaren (den eine fuglen), og da skjønar alle at dette er heilt håplaut. At Folkestad tek tal frå Rovbase, erstatningssøknader etc. er ikkje uventa når han, beitebrukarar og andre ikkje finn mange dokumenterte tap til kongeørna. Dominoeffekten av den manglande dokumentasjonen er at ein heller ikkje får erstatta tap som følgje av kongeørn. Det står nå heller ingen tal om kor mange lam beitebrukarane trur er teke av kongeørn i Rovbase. Til opplysning så brukar ikkje vernesida tal frå Rovbase dersom ikkje tala gjev utrykk for å passa inn i konklusjonen deira. Her må ein også nemna påstanden rundt havørn som Folkestad kjem med. Ein treng vel berre å lesa seg opp på prosjektet på Fosen for å sjå at flokkar av havørn også kan gjera skade på sau og lam.

Det er klart at som beitebrukar har Bjørn Tore Søvting rett – mange lam vert skada og drepe av kongeørn. Slik er det i områda våre i Gudbrandsdalen òg, vi mistar mange lam til kongeørn, men må ha bra med flaks for å finna dei dokumenterbare. I eit tapsprosjekt vi driv med å finna tapsårsakar til lam, der vi nyttar radiobjøller på lamma, har vi fått dokumentert kongeørnskader, men sjølv med radiobjøller med alarmfunksjon er det vanskeleg nok å vera tidleg nok ute for å få dokumentert. Det kan dreia seg om å vera ved kadaveret innan 3-4 timar etter drapet. Når så kongeørna i tillegg vel bort lam med radiobjøller så er dette ikkje lett. SNO må i følgje instruksjonen sin ha klare bevis for å kunne dokumentere at kongeørna er skadevoldaren. Er det ikkje hol i skallen kan ein likegodt gløyma det. Drap som følgje av punktering i blaute områder, som dei fann mykje av på Fosen, er svært vanskeleg å få dokumentert. Drepne lam som både beitebrukar og rovviltkontakt veit har vorte drepe av kongeørn kan få status både som antatt, usikker og ikkje rovdyr. Nokre få av desse kan bli erstatta, men kjem aldri i Rovbase, da det er berre dokumenterte som vert teke inn der.

Det er ikkje som Folkestad skriv, enkelt å dokumentere at skadevoldar er kongeørn. Utfordringa til beitebrukarar er at SNO skal dokumentera kven som har drepe eller skada lammet, og desse bevisa vil både kongeørna sjølv og andre åtseletarar fjerna ganske fort. Eit godt bevis, som vi med praktisk erfaring gjerne skulle likt at SNO har brukt er at sauene eller lammet er drepe. Vi ser at drepne dyr vert ete opp fort, medan sjøldaua dyr vert liggande att. Dette er også ein av konklusjonane på Fosen. I tillegg ligg det også eit bevis i at 2. året prosjektet på Fosen dreiv, dokumenterte dei at besetningane frå 5 beitebrukarar stod for nesten halvparten av alle kongeørnskadane i heile Norge!

I erstatningssamanheng må ein til opplysning finna dokumenterte skader kvart år, for å få erstatta til kongeørn. I tillegg har eg personleg lagt merke til at FM ved erstatningsvedtak i seinare år i større grad har skrive skadane over på andre rovviltartar.

Vi i beitenæringa må kjempa mang ein kamp, og i forhold til kongeørna har beitebrukarar på Fosen, Dyrøy og nå Søfting gått i bresjen. Prosjekta rundt ørneskader der i kombinasjonsområder med sau og rein vart vald ut som nasjonale tapsprosjekt. Men da dei ville sjekke berre sau/ørn på Fosen og rein/ørn på Dyrøy fekk prosjekta ein dimensjon mindre for beitenæringa. Så på Dyrøy står det i stampe, og på Fosen ser ikkje beitenæringa nokon vits i prosjektet så lenge ikkje forvaltninga går med på å ta ut nokre skadevoldarar for å prøve ut om tapa går ned. For som kjent så er det ikkje slik at alle enkeltindivid av freda rovvilt er notoriske skadevoldarar. Slik er det med kongeørn også, nokre individ er mykje verre enn andre, men dette får ikkje beitenæringa gehør for i desse kretsane. Folkestad får seia og tru det han meiner, men beitenæringa ser dette i praksis, og ser det som andre ikkje ser: Det blir borte mange lam for enkelte, og vi i beitenæringa meiner at kongeørna tek mange fleire liv enn det dokumentasjonen og erstatningsoppgjøra fortel.

Pål Kjørstad, Norsk Sau og Geit